

Foretaksnavn MØRKRIDSDALEN ELVEEIGARLAG

Kontaktperson

Navn: Sigurd Hauge

Økonomisk aktivitet og kryssfinansiering

Søker utøver økonomisk aktivitet? Nei

Utfyller

Navn: Sigurd Hauge

Mottaker: Miljødirektoratet

SØKNAD

REFERANSENØ: 24S7C926

Formålet med søknaden

Hva søker du om? Miljøforbedrende tiltak / restaureringstiltak generell vannforvaltning

Hvilken fase er prosjektet i? Fase 3 - Gjennomføring

Tiltak for betring av vassmiljø i Mørkridselvi

Varighet: 01.01.2024 - 29.11.2024

Beskrivelse av tiltaket:

Mørkridselvi vart varig verna i 1986 og er i dag snart det einaste større vassdraget i Sogn fjordlandskap som ikkje er påverka av kraftregulering. Mørkridselvi framstår med aukande tyngde som referanse mht. til å kunne beskrive livet til anadrome bestandar i et naturlig vassføringsregime. I tillegg har ein kunna studere korleis nytt klima med kraftfulle flaumar har endra elvehabitatet.

Vassdraget vart råka av 200 års flaumar i 2010, 14 og 18 som med det påfylgjande restauringsarbeidet har med fagleg grunnlag skapt utfordringar for anadrom fisk. Elva er vorten kanalisert med elveforebygningar og vollar der fylgjene er at tildlegare løkjer, bekkar og flaumløp er avskorne frå hovudløpet. Gunstige oppvekstområder med rolegare vasstilhøve, gunstigare temperatur og rikare næringstilgang er ikkje lenger sikra årvis vassføring med påfylgjande risiko for fiskedød ved låg vannstand.

Vassdraget har godt datagrunnlag på tilstanden til den anadrome bestanden av laks og sjøaure mellom 1988-1994, 2000-2005, 2007-til dags dato. Data frå desse undersøkelane syner at vassdraget var inne i ei fase med sterk positiv utvikling frå 2007 fram til effekten av flaumane og endringa av elvas struktur inntraff.

Vassdragets grunneigarar og fiskerettshavarar er samla i Mørkridsdalen elveeigarlag. Laget har med medlemmane fylgt eitt føre var prinsipp og påla seg sjølve fredning av elva for 2019-20 og 21 sesongen for å verna bestanden etter endringane av elvas karakter og sikringsarbeidet. Det har i fiskesesongen 2022 og 2023 vorte praktisert eitt strengt kvotebasert fiske med totalfredning av sjøaure. Laget stansa alt fiske i vassdraget i 2023 ved midtsesongevaluering då ein såg tendensane til eitt lågt innsig og risiko for at ikkje GBM vart nådd.

Det søkjast ved dette om midlar til å utføre tiltak for å betre vassmiljøet i Mørkridselvi. Tiltaka vert utført etter forslag og retningslinjer i mogleiksstudie som vonleg vert utarbeida av ferskvannsbiolog ila 2024. Det søkjast allereie i 2023 om midlar for tiltak i 2024. Desse vert då utførde før mogleiksstudie er ferdig utarbeida, men i samråd med ferskvannsbiolog og andre fagfolk på feltet. Dette av den årsak at laget ikkje vil stå passive medan det biologiske mangfaldet risikerar endå eitt år under suboptimale tilhøve.

Tiltaka i vassdraget skal betre vassmiljøet ved å reetablere eller betre det produktive arealet. Laget søkjer herved om 300 000,- i tilskot til utføring av tiltak i 2024. Det er råd å skalere ned omfanga av tiltaka om ikkje heile søknadssummen kan dekkast.

Har du fått de nødvendige tillatelsene fra f.eks. kommune og statsforvalter? Nei

Er det mottatt tilskudd fra Miljødirektoratet til tiltaket tidligere? Nei

Søkerkategori: Organisert lag

I hvilke(t) fylke(r) skal tiltaket gjennomføres? Vestland

Vannforekomst: 075-5-R - Mørkridselvi

Søkes det om midler til tiltaket gjennom andre tilskuddsordninger? Hvilke?

Budsjett

Kostnader	Beløp
Timer egne ansatte (0 x kr 0 per time)	0
Dugnadstimer frivillige (170 x kr 300 per time)	51 000
Kjøp av tjenester	250 000
Transport (kjøring)	0
Utgifter til investeringer	0
Sum kostnader	301 000

Finansiering	Beløp
Samlet kostnad	301 000
- Dugnadstimer frivillige (170 x kr 300 per time)	51 000
- Egne midler	0
- Andre offentlige tilskudd	0
- Annen finansiering	0
Omsøkt tilskudd	250 000

Kan tiltaket/deler av tiltaket gjennomføres med mindre tilskudd enn omsøkt? Ja

På hvilken måte?


Ein kan gjere tiltak på færre plassar og omfanga av tiltaka kan reduserast.

Minste tilskuddssum for gjennomføring: 60 000

Eventuelle merknader:

Ikke utfyllt

Vedlegg

 Søknad om midlar for utførelse av tiltak for betring av vassmiljø i Mørkridselvi 15.11.23.pdf
(Prosjektbeskrivelse)

 **Sigurd Hauge for MØRKRIDSDALEN ELVEEIGARLAG**

Leverert 15.11.2023